

KOMMISJONSVEDTAK

2008/EØS/22/26

av 26. mars 2004

om mellombels tilgang for Australia og New Zealand til fellesskapsreservene med antigen av munn- og klauvsjukevirus(*)

[meldt under nummeret K(2004) 967]

(2004/288/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 2003/85/EF av 29. september om fellesskapstiltak for å bekjempe munn- og klovsyke, om oppheving av direktiv 85/511/EØF og vedtak 89/531/EØF og 91/665/EØF, og om endring av direktiv 92/46/EØF⁽¹⁾, særleg artikkel 83 nr. 3, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I samsvar med rådsvedtak 91/666/EØF av 11. desember 1991 om opprettelse av fellesskapsreserver av munn- og klovsykevaksiner⁽²⁾ er det bygd opp lager av antigen til snøgg iblanding i vaksinar mot munn- og klauvsjuka.
- 2) Inntil dei får bygd opp sine eigne reserver av antigen av munn- og klauvsjukevirus har Australia og New Zealand bede om mellombels hjelp frå Fellesskapet i tilfelle der det vert innført naudvaksinasjon for å kontrollere eit eventuelt utbrot av munn- og klauvsjuka.
- 3) Dei rette styresmaktene i Australia og New Zealand har lagt fram opplysningar om dei risikovurderingane som dei har gjort, og gjeve overslag over dei mengdene og undertypane av antigen som krevst innanfor ramma av kriseplanane deira.
- 4) Etter ei vurdering av oppmodinga frå styresmaktene i Australia og New Zealand, og samstundes som det vert teke omsyn til kapasiteten til og rådveldet over dei mengdene og undertypane av antigen som er lagra i antigenreservane i Fellesskapet, ser det ut til at den hjelpa som det vert oppmoda om, kan gjevast utan at dette i unaudsynleg grad går ut over kriseplanane til Fellesskapet.
- 5) Australia og New Zealand bør på visse vilkår gjevast mellombels tilgang til fellesskapsreservane med antigen.

- 6) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Australia og New Zealand får mellombels tilgang til fellesskapsreservane med antigen til iblanding i vaksinar mot munn- og klauvsjuka på desse vilkåra:

1. Begge statane skal gjevast tilgang fram til 31. desember 2004, på den måten at kvar av dei får rett til å få utdelt opptil 500 000 dosar med antigen til vaksining av storfe, men begge statane til saman kan høgst få utdelt 50 % av dei eksisterande lagra av dei einskilde antigena i fellesskapsreservane.
2. Avhengig av spesifikasjonen i den skriftlege oppmodinga frå dei rette styresmaktene i Australia eller New Zealand skal Kommisjonen straks syte for snøgg eller omgåande iblanding av dei høvelege antigena, og for framstilling, tapping, merking og levering av vaksinane i samsvar med dei avtalene som ligg føre mellom Kommisjonen og produsenten.
3. Dersom nr. 2 vert nytta, skal Kommisjonen gjere tiltak for å sikre at utgiftene til dei følgjande tiltaka vert borne i rimelege høve av dei rette styresmaktene i Australia eller New Zealand, alt etter kven som har oppmoda om iblandinga av antigen frå fellesskapsreservane i vaksinar:
 - a) flytting av antigen frå lagringsstaden til verksemda til produsenten,
 - b) iblanding i og framstilling av vaksinar, medrekna eventuelle ytterlegare prøvingar dersom det skulle vere naudsynt,
 - c) tapping og merking av vaksinane og transport av dei til den fastsette leveringsstaden,
 - d) omgåande utskifting av alle mengder med antigen som er nytta, med antigen som minst har den same kvaliteten og det same opphavet.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 91 av 30.3.2004, s. 58, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 47/2005 av 29. april 2005 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 46 av 15.9.2005, s. 8.

⁽¹⁾ TEU L 306 av 22.11.2003, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 368 av 31.12.1991, s. 21. Vedtaket sist endra ved forordning (EF) nr. 807/2003 (TEU L 122 av 16.5.2003, s. 36).

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 26. mars 2004.

For Kommissjonen

David BYRNE

Medlem av Kommissjonen
